



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for juni 2021.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
56



---

Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Oskar Grimstad
Visepres:	Anne Gry Eilertsen
Sekretær:	Vegard Gjerde
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Bjørn Teigene
Styremedlem:	Idar Flø
Ansv.red.:	Anne Gry Eilertsen
Referent:	Anne Gry Eilertsen

---

---

## Lykke

*Hva lykke er?*

*Gå på en gressgrodd setervei  
i tynne, tynne sommerklær,  
klø sine ferske myggstikk  
med doven ettertenksomhet  
og være ung og meget rik  
på uopplevet kjærlighet.*

*Å få et florlett spindelver  
som kjærtegn over munn og kinn  
og tenke litt på vær og vind.  
Be prestekravene om råd  
og kanskje ja - og kanskje nei -  
han elsker - elsker ikke meg.*

*Men ennå ikke kjenne deg.*

*Inger Hagerup*

---

## Referat frå Rotarymøte 7. juni 2021.

Møtet vart gjennomført i lokala til Hareid Rotary Klubb på Klubbhuset.

President Oskar Grimstad ønskte velkome og gav ordet til Sverre Ulstein. Han opplyste at neste klubbmøte, måndag 14. juni, blir gjennomført som dugnad langs Rotarystien.

Bjørn Teigene tok ordet og sa at det finst pensjonistar som gjerne vil vere med på å støtte arbeidet som Rotary gjer langs Rotary-stien økonomisk, men at ein del av dei ikkje har Vipps. Han oppmoda Hareid Rotary Klubb om å finne ei ordning slik at folk utan Vipps også kunne få bet ale inn pengar.

Konklusjonen vart at det må lagast til lappar som blir festa på bord og gapahukar langs Rotarystien, kontornummeret står.

### FOREDRAG:

Klubbmedlem Hans Gisle Holstad heldt foredrag, som han sjølv heller ville kalle REFLEKSJONAR.

Holstad reflekterte over temaet ULIKSKAP.

Han trekte blant anna fram at Gambias statsminister for ein del år sidan ikkje ville gå av utan at han fekk med seg heile statskassa.

- Det er mange hendingar som kan få oss til å reflektere over ulikskapen i verda, sa Holstad.

Han reflekterte også over kva det er som gjer at mange flyktningar vil til Noreg, og meinte det kom av at her i landet var det ikkje så stor skilnad på fattig og rik. I Noreg har vi blant anna gratis skular og helsestell..

Han var også innom Den franske revolusjon (1789-1800). Ludvig den 16. og dei geistlige hadde all makt, og 97 prosent av folket var fakkfuge bønder. Så kom opprøret og kravet om «Friheit, likheit og brorskap».

Men Holstad viste til at det ikkje alltid har vore liten skilnad mellom fattige og rike i Noreg heller, og han viste til lokalhistorikar Bjarne Rabben som i ei bok fortel om ein husmann på Dragsund som ikkje kunne snakke direkte med presten, men måtte be bonden sin om å gjere det for han.

- Men på sjøen, under fiske, der var folk likeverdige, hevda Holstad.

Han slo fast at Noreg etter kvart utvikla seg til ein rettsstat bygt på mellom anna kritisk diskusjon. Det oppstod ei folkeleg rørsle på midten slutten av 1800-talet som ville bygge landet. Både målørsla, kvinnerørsla og fråhaldsrørsla hadde viktige debattforum.

Holstad var også innom at det er ein skilnad på samfunnsbyggjarane og kapit alistane.

- Samfunnsbyggjarane skaffar arbeid til folk. Kapitalistane skaltar og valt ar med pengane, hevda han.

AT NHO og LO samarbeider, men av og til er i konflikt, meiner Holstad er genialt for Noreg.

Han viste også til heftet «Ulikhetens pris» av Kate Picceth og Richard Wilkinson, som blant anna skriv at dei landa det er best å bu i, er dei landa som har minst skilnader mellom folk. Noreg, Japan og Finland kjem godt ut.

Holstad konkluderte med at Noreg er eit foregangsland.

Foredraget, eller refleksjonane hans, førte til diskusjon etter på. Ikkje alle var samde i alt Holstad sa, men det vart ein diskusjon i god, demokratisk ånd.

## Referat frå Rotarymøte 14. juni 2021.

Klubbmøtet denne måndagen vart gjennomført som dugnad langs Rotary-stien. 14 personar møtte opp, av desse var to frivillige utanom klubben.

Det vart rydda for greiner på begge sider av vegen, og ein del strongar vart lagt til sides, slik at dei kan sagast opp til kveikje.

Nokre av dugnadsfolket heldt på i eit par timar.





Bildetekst:

President Oskar Grimstad (f.v.), Lars Petter Moldskred (ikkje medlem) og Ove Midtflø var med på dugnaden måndag 14. juni langs Rotarystien

## **Referat frå Rotarymøte 21. juni 2021.**

Hei Rotaryvenner.

Da minker det på med møterestriksjoner og det kan sjå ut for at pandemien er på sterk retur og vi kan glede oss over det. Men vere forsiktig likevel ei tid til framover.

Vi skal ha vårt møte på Klubbhuset og programansvarlig blir Idar Flø.

Sjølv blir eg fraværende grunna styremøter i Surnadal men past Bjørn teigene vil lede møte så vel møtt kl 18.00

Mvh

Oskar Grimstad

President





### **Referat frå Rotarymøte 28. juni 2021.**

Klubbhuset var vakkart pynta og borda var dekkja til fest.

Den innbydande rekemenyen med tilbehør og spekemat stod klart og dei frammøtte var i god feststemning..

Seremonimeister Johan Ole Brandal takka utgåande president Oskar Grimstad med vel utført presidentgjerning og helsa den nye presidenten Anne Gry Eilertsen velkomen som ny president for Hareid Rotaryklubb.

Anne Gry hadde kome litt brått inn som president og lova å gjere sitt beste i vervet.

Så var det mat, og praten gjekk lystig langs borda .

Etter eit par timar byrja dei frammøtte å takke for seg, og festkomitten tok til å rydde.

Vi takkar alle for frammøte og festkomiteen for ein flott arrangert fest.